



## Personvernreglar

### 1. Innleiing

- Vennelaget Samlagsrota vart skipa i 2013 av folk som sluttar opp om Det Norske Samlaget og er glade i nynorsk språk og litteratur.
- Vennelaget arbeider med å spreie kunnskap om nynorske forfattarskapar, og med å utvikle og skaffe støtte til tiltak og bokprosjekt som er viktige for nynorsken.
- Alle som er interesserte i nynorsk, kan melde seg inn i Vennelaget Samlagsrota. Medlemskapen er gratis.
- Som medlem i Vennelaget Samlagsrota gjev du oss opplysningar om deg. Personvernreglane syner korleis vi nyttar personopplysningane dine.
- Vennelaget Samlagsrota er organ under den juridiske eininga Stiftinga Det Norske Samlaget (dvs. forlaget, heretter omtalt som Samlaget). Samlaget har laga personvernreglar som er tilgjengelege på nettsida til Samlaget: <https://samlaget.no/pages/personvern>
- Personvernreglane for Samlaget gjeld for Vennelaget Samlagsrota, så langt desse er relevante for Vennelaget Samlagsrota.
- I tillegg gjeld særskilde, utfyllande personvernreglar for Vennelaget Samlagsrota som går fram av dokumentet her.

### 2. Kvifor lagrar vi personopplysningar om medlemene?

- Vennelaget Samlagsrota lagrar personopplysningane for å ha eit medlemsregister som gjer at vi kan kommunisere med medlemene.

### 3. Kva personopplysningar nyttar Vennelaget Samlagsrota?

- Når ein person melder seg inn, bed Vennelaget Samlagsrota om følgjande opplysningar:
  - Namn,
  - adresse,
  - telefonnummer,
  - e-postadresse

### 4. Kven kan personopplysningar utleverast til?

- Vennelaget Samlagsrota bruker personopplysningane for å oppfylle føremålet med medlemskapen.
- Under dette kan det vere aktuelt at Vennelaget Samlagsrota deler personopplysningar med andre einingar under Samlaget for å kunne gje medlemen kjennskap til tilbod som fell innanfor føremålet med medlemskapen, og som medlemen kan vere interessert i, t.d. bøker og andre produkt frå Samlaget.
- Utlevering til offentlege styresmakter kan skje dersom det vert kravd med heimel i lov.

### 5. Rett til innsyn og endring

- Ein medlem kan når som helst krevje innsyn i personopplysningar Vennelaget Samlagsrota har registrert, og eventuelt krevje å få desse endra.

## **6. Lagring**

- Personopplysningar om medlemene vert lagra i eit digitalt medlemsregister for Vennelaget Samlagsrota.
- Datautstyr og medlemsregister er verna med passord.
- Styret i Vennelaget Samlagsrota oppnemner ein ansvarleg og ein vara for medlemsregisteret.
- Utanom desse kan berre spesielt autoriserte personar i Samlaget ha tilgang til medlemsregisteret, utpeika av Samlaget som behandlingsansvarleg.

## **7. Sletting**

- Medlemskapen gjeld til medlemen aktivt melder seg ut, t.d. ved å sende ein e-post til e-postadressa til Vennelaget Samlagsrota.
- Personopplysningane om medlemen vert då sletta innan eitt år.
- Dersom Vennelaget Samlagsrota skulle verte nedlagt, vil medlemsregisteret med alle personopplysningar verte sletta.

## **8. Behandlingsansvarleg**

Stiftinga Det Norske Samlaget  
Mariboës gate 13  
0183 Oslo

Dato 07.10.2020  
(Styrevedtak)